

**17 konfirmantar vert presenterte**

08.09.2010

**Sundag klokka 19.30 blir det kveldsgudsteneste i Uskedal kyrkje ved den nye soknepresten, Kristian Due.**

**Der blir det presentasjon av dei som skal konfirmerast til våren.**

- Førebels er det 17, opplyser soknepresten. Det er med andre ord eitt nytt, stort konfirmantkull i Uskedalen.

Due skal stå for presentasjonen saman med kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark

Det har vorte ei omorganisering i samanheng med den nye prestestillinga, men Heimark held fram i sin funksjon, også som konfiirmantlærer.